



DEN NORSKE KYRKJA

– Ein tradisjon å vere stolt over



Sommaren står for døra! Noko av det kyrkja har jobba fram er opne dører for turistar og alle som har lyst til å komme inn i ei kyrkje. Sommaropne kyrkjer er blitt ein tradisjon det er grunn til å vere stolt over.

Over heile landet er det mogleg å finne ei open kyrkjedør. Ein kan sjå kunst og arkitektur, der livet sit i veggane. Ein kan kjenne historie kviskre. Ein kan få sitje heilt stille og kjenne at tanken løftar seg og at Gud er nær.

Tusen takk til alle tilsette og frivillige som legg ned tid og innsats gjennom sommarmånadane for å halde kyrkjene opne. God sommar!

Kristin Gunleiksrud Raaum
kyrkjerådsleiar



2,5 millionar til aktivitetar for ukrainske flyktningar

Sokneråd og fellesråd kan snart søkje om støtte til frivillig innsats for inkludering av nyankomne ukrainarar i lokalsamfunnet. Ordninga vert lyst ut på kyrkja.no/stotte denne veka. Fristen er 3. juli.

[Les meir](#)



Felles påmeldingsdatoar for konfirmasjon?

Eit konfirmantår er unikt. Samtidig følgjer mange kyrkjelydar eit årshjul som liknar på andre sitt. Kyrkjerådet ynskjer å sjå på mogelegheitene for felles påmeldingsdatoar for konfirmasjon. På den måten kan ressursar til annonsering nyttast meir målretta.

[Les meir](#)



Invitér kyrkja inn på mottak

I Ressursbanken kan du no finne utkast til brev som kan tilpassast og gå til UDI regionalt og til lokale mottak, der kyrkja bed om høve til å kome inn på mottaket for å informere om aktivitet i lokalmiljøet. Tekstane viser til UDI sin strategi for samarbeid med sivilsamfunnet, og er meint å fungere som støtte i kontakten med UDI og mottak.

[Les meir](#)



Olavsfest med håp som tema

Olavsfest vert arrangert 28. juli til 3. august i Trondheim. Her vert det rikeleg høve til å få med seg spanande samtalar og god musikk i Kirkehagen. Her møter du mellom anna Sunniva Gylver, vinnar av Brobyggerprisen Mehda Zolfaqari og Leif Ingvald Skaug.

[Les meir](#)



Retttferdskonferansen 2022

Sett av datoen! Retttferdskonferansen går av stabelen i Oslo og på nett 18. oktober. Her kan du få inspirasjon, kunnskap og verktøy for å jobbe konkret for retttferd og for bærekraftsmåla i kyrkjelyden og lokalsamfunnet. Konferansen er lagt til dagen før Trusopplæringskonferansen.

[Les meir](#)

Webinar og frukostmøte



Korleis selje inn ei sak til mediene?

16. juni kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på ressursbanken.no/webinar

Fekk du med deg desse sakene?



Ei veke for solidaritet med kristne i Palestina og Israel

"Ikkje gløym oss!" Oppmodinga kjem frå kristne sysken i Palestina og Israel. I september vert Kyrkjeveka for fred arrangert. Der kan kyrkjelydar stå saman med våre trussysken i bøn og solidaritet.

[Les meir her](#)



Tek av på TikTok!

Alt frå influensarar, kyrkjelydspedagogar, ungdomsleiarar og konfirmantane sjølv viser korleis konfirmasjonstida i kyrkja er gjennom korte videoar på TikTok. Videoane er sett åtte millionar gonger.

[Les meir her](#)



Tekstrefleksjonar om barn sine rettar

Bibelforteljinga om Jesus og borna er preiketekst 26. juni. Forteljinga er eit godt utgangspunkt for å snakke om barn sine rettar i ei gudsteneste eller på søndagsskolen.

[Les meir her](#)

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)





DEN NORSKE KYRKJA

krpostmottak@kyrkja.no